

Saksprotokoll i 20.04.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Åsmund Berthelsen, SV, sette på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG fram slikt forslag:

«Endring i forslag til vedtak om justering: (til pkt. 1 i tilrådinga)

1. VG1 bygg og anleggsteknikk vert sett i gang med 2 grupper på Flora VGS og 4 grupper på Mo og Øyrane VGS.
2. Tilbodet i Vg1 idrettsfag ved Odda VGS vert oppretthalde i kombinasjon med studiespesialiserande slik at det ikkje vert auke i tal grupper ved skulen.

Tillegg i forslag til vedtak: (framlegg til nytt punkt. 2.)

Hovudutvalet ønskjer å auke talet på grupper etter innspel frå næringsliv og andre. Dette vil gjere at fleire elevar får innfridd 1. valet sitt, noko som vi veit er viktig for gjennomføring. Dessutan vil ein auke i gruppetalet betre svare til dei behova som er i arbeids- og næringslivet.

Hovudutvalet ber om at fylkesutvalet finn finansiering til desse gruppene:

Studiespesialisering:

- + 1 klasse VG1 studiespes ved Bømlø VGS
- + 1/2 klasse VG1 studiespes og 1/2 VG1 idrett ved Firda VGS
- + 1 klasse VG1 studiespes ved Austevoll VGS

Elektro:

Ved Eid og Flora VGS vert plasstalet på VG1 elektro sett til 12.

Det vert sett i gang 3 klasser VG1 elektro på Eid VGS

Det vert sett i gang to klasser VG1 elektro ved Flora VGS

Totalt vert klassetalet på VG1 elektro auka med 2.

Merknader/kommentarar:

1. Tilboda som ikkje vert sett i gang er ikkje nedlagt men skal vurderast på nytt i sak om opplæringstilbodet for 2021/22.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse er uroa over konsekvensane ved å auka plasstalet i gruppene for elevar på yrkesfag i nordfylket, og ser at dette kan slå uheldig ut for enkelte skular. Vi ber om å få framlagt ei eiga sak om dette før utlysing av neste års opplæringstilbod. Saka må gjer greie for bygningsmessige og utstyrmessige konsekvensar ved auke i plasstal, og vise korleis ein gradvis kan innfase dette utan at det får store konsekvensar for tilbodet på enkeltskular og at ein sikrar rekrutteringsgrunnlaget for VG2-løpa i størst mogleg grad.
3. Det vert lagt opp til dialog og samarbeid med dei private skulane for å få til eit felles tidspunkt for inntak. Føremålet er at elevar som tek imot tilbod på dei private skulane seier frå seg plassane på dei offentlege skulane. Om ein ikkje får til dette vil Hovudutvalet ta opp om det bør utarbeidast sentrale retningslinjer om dette.
4. I tråd med ynskje frå yrkesopplæringsnemnda skal det utarbeidast fullstendige lister over tilgjengelege læreplassar i heile fylket. Det er behov for slike lister i alle saker som gjeld dimensjonering av tilbod.

Rosalind Fosse, FrP, sette p vegner av H og Frp fram slikt forslag:

!. Opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21, vedteke i sak PS 11/19, vert justert med følgjende endringer fra rådmannens innstilling.

Nordfylket:

1. Mo og Øyrane vgs VG 1 bygg og anleggsteknikk justeres fra 5 klasser til 4 klasser.

Flora vgs VG 1 bygg og anleggsteknikk opprettholder fra 1 klasser til 2 klasser.

2. Firda vgs VG1 studiespesialisering justeres opp med 0,5 klasse.

VG 1 Idrettsfag justeres opp med 0,5 klasse

Sørfylket:

3. Austevoll vgs: Vg1 studiespesialisering opprettholdes med 1 klasse.

4. Stord vgs: Vg2 industriteknologi justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse.

5. Stord vgs: Vg2 kjøretøy justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse

6. Bømlo vgs: Vg1 studiespesialisering opprettholdes med 2 klasser

7. Odda vgs: Vg1 studiespesialisering justeres fra 1 klasse til 0,5 klasse

Odda vgs Vg1 idrettsfag opprettholdes med 0,5 klasse.

Forslaget vart trekt.

John Andre Kongsvik, H, på vegner av H og FrP fram slikt tilleggsforslag: (Til nytt punkt. 2)

«Høgre og FrP ønsker å fremme følgende tilleggsforslag:

Vi ber fylkesutvalget om også å finne finansering for følgende klasser:

1. Stord vgs: Vg2 industriteknologi justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse.

2. Stord vgs: Vg2 kjøretøy justeres opp fra 0,5 klasse til 1 klasse.

3. Måløy vgs: VG2 Kokk og servitør opp til 1 klasse.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag: (Til nytt punkt. 2)

«Tilleggsforslag:

Det opprettes en 0,5 klasse HO VG2 på Austreheim vgs. dette gir samme løysing som er foreslått ved Kvinnherad vgs.

(BU og HO kan ha fellesfag 1 klasse og programfag kvar for seg.)»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt tilleggsforslag:

tilleggs punkt til vedtak sak 15/20 :

«1. Tidligere behandling av sak PS 12/20 må tas opp igjen, i lys av korona-situasjonen. Utvalg for opplæring og kompetanse vil satse på "fagbrev i jobb" som korona-tiltak. Utvalget går inn for å godkjenne alle innmeldte intensjonsavtaler/søknader pr. 01.02.20, og vil prioritere at det settes av midler til den estimerte kostnad i 2020 på om lag, kr 23.410.000,-. Dette skal ikke gå på bekostning av andre tjenester i opplæringssektoren.»

2. OPKO ber om at fylkesdirektør kommer med ny sak som viser konsekvenser og omfang av disse, som pandemisituasjonen får for opplæringstilbudet skuleåret 2020/21. Saka skal utgreie kva tiltak som best sikrar læreplassar, og om bedrifter som mottar støtte fra VLFK via ordningar som går under koronatiltak, og om alle disse tilbyr læreplasser.»

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt forslag:

«Jeg trekker punkt 1. ifra tilleggsforslaget tidligere sendt.

Oppdaterer punkt 2. med følgende endring:

2.

a. OPKO forutsetter at alle bedrifter i Vestland, som mottar økonomisk støtte ifra VLFK, inkludert ordninger som går under koronatiltak, skal tilby læreplasser.

b. Når Fylkesdirektøren legger frem en sak som viser konsekvenser og omfang av konsekvenser som følge av pandemien, skal saken vise hvordan opplæringstilbudet 2020/21 best kan imøtekomme behovet for lærlinger. OPKO ber også om at saken inneholder en orientering fra partene i arbeidslivet.»

(Pkt. 2 b vart etter møteleiar sitt forslag røysta over som eit tillegg til innstillinga punkt 3 i saka.)

Avrøysting

Innstillinga sitt punkt 1 med endringsforslaga til Berthelsen vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt forslag til nytt punkt 2 vart vedteke mot ei røyst (FNB).

Kongsvik sitt forslag som tillegg til nytt punkt 2 fekk seks røyster (H, FrP, FNB og R) og falt.

Syversen sitt tilleggsforslag som tillegg til nytt punkt 2 fekk fem røyster (H, FrP og R) og falt.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt tilleggsforslag punkt 2 B, vart samrøystes vedteke som eit tillegg til nytt punkt 4.

Berthelsen sitt forslag, merknader/kommentarar punkt 1-4 vart samrøystes vedteke.

Syversen sitt tilleggsforslag punkt 2 A, fekk ei røyst (R) og falt.

Vedtak

Punkt 1:

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2020/21, vedteke i sak PS 11/19, vert justert slik:

Nordfylket:

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Eid vgs	Vg1 elektrofag	3	-1	2
Eid vgs	Vg1 handverk, design og produktutvikling	1	-0,5	0,5
Eid vgs	Vg2 interiør og utstillingsdesign	0,5	0,5	1
Eid vgs	Vg2 industriell møbelproduksjon	0,5	-0,5	0
Flora vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg2 byggteteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg1 elektrofag	2	-1	1
Hafstad vgs	Vg3 påbygging til generell studiekompetanse	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 landbruk og gartner	2	-1	1

Mo og Øyrane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	4	1	5
Mo og Øyrane vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 helseservicefag	0,5	0,5	1
Måløy vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-1	0
Sogndal vgs	Vg1 medium og kommunikasjon	1	-0,5	0,5
Sogndal vgs	Vg1 idrettsfag	1	0,5	1,5
Stryn vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1

Sørfylket:

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Austrheim vgs	vg2 helsearbeidarfag	1	-1	0
Austevoll vgs	Vg1 studiespesialisering	1	-1	0
Bømlo vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1
Bømlo vgs	Vg2 studiespesialisering	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg1 restaurant- og matfag	1	-0,5	0,5
Fitjar vgs	Vg2 helsearbeidarfag	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-0,5	0,5
Knarvik vgs	Vg2 industriteknologi	1	1	2
Knarvik vgs	Vg2 elenergi	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg2 elenergi	1	-1	0
Kvinnherad vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg2 helsearbeidarfag	1	-0,5	0,5
Kvinnherad vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	-0,5	0,5
Odda vgs	Vg1 idrettsfag	0,5	-0,5	0
Odda vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	3	-1	2
Odda vgs	Vg2 køyretøy	1	-1	0
Sandsli vgs	Vg1 restaurant- og matfag	4	1	5

Slåtthaug vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	3	1	4
Slåtthaug vgs	Vg1 elektrofag	2	1	3
Slåtthaug vgs	Vg4 påbygging til generell studiekompetanse	2	1	3
Stord vgs	Vg1 sal, service og reiseliv	2	-1	1
Stord vgs	Innføringstilbud for min.språklege	1	-1	0
Voss gymnas	Innføringstilbud for min.språklege	1	-1	0
Voss gymnas	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2
Voss vgs	Vg2 heste- og hovslagarfag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg1 elektrofag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg2 industriteknologi	1	-1	0
Kvam vgs	Vg2 elenergi	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	vg2 helsearbeidarfag	0,5	-0,5	0
Årstad vgs	Vg1 frisør, blomar, interiør og utstillingsdesign	3	1	4
Åsane vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	2	1	3
Åsane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	1	3
Åsane vgs	Vg2 industriteknologi	3	-1	2
Åsane vgs	Vg2 data og elektronikk	1	-1	0

**Punkt 1 blei vedteke med følgjande endring:
Endring til vedtak om justering:**

1. VG1 bygg og anleggsteknikk vert sett i gang med 2 grupper på Flora VGS og 4 grupper på Mo og Øyrane VGS.
2. Tilbodet i Vg1 idrettsfag ved Odda VGS vert oppretthalde i kombinasjon med studiespesialisering slik at det ikkje vert auke i tal grupper ved skulen.

Punkt 2:

Hovudutvalet ønskjer å auke talet på grupper etter innspel frå næringsliv og andre. Dette vil gjere at fleire elevar får innfridd 1. valet sitt, noko som vi veit er viktig for gjennomføring. Dessutan vil ein auke i gruppetalet betre svare til dei behova som er i arbeids- og næringslivet.

Hovudutvalet ber om at fylkesutvalet finn finansiering til desse gruppene:

Studiespesialisering:

+ 1 klasse VG1 studiespes ved Bømlo VGS

+ 1/2 klasse VG1 studiespes og 1/2 VG1 idrett ved Firda VGS

+ 1 klasse VG1 studiespes ved Austevoll VGS

Elektro:

Ved Eid og Flora VGS vert plasstalet på VG1 elektro sett til 12.

Det vert sett i gang 3 klasser VG1 elektro på Eid VGS

Det vert sett i gang to klasser VG1 elektro ved Flora VGS

Totalt vert klassetalet på VG1 elektro auka med 2.

Punkt 3:

Fylkesdirektøren får fullmakt til å omprioritere klassar mellom studieførebuande og yrkesfag på vg1 i stor-Bergen, på bakgrunn av forventa ledig kapasitet på vg1 studieførebuande og mogeleg underdekning på vg1 yrkesfag. Justeringa gjerast innanfor den økonomiske ramma.

Punkt 4:

Fylkesdirektøren kjem tilbake med ei sak i juni som vurderer mogelege konsekvensar koronapandemien kan ha for opplæringstilbudet 2020/21 og motverkande tiltak.

Når Fylkesdirektøren legger frem en sak som viser konsekvenser og omfang av konsekvenser som følge av pandemien, skal saken vise hvordan opplæringstilbudet 2020/21 best kan imøtekomme behovet for lærlinger. OPKO ber også om at saken inneholder en orientering fra partene i arbeidslivet.

Punkt 5:

Tilboda som ikkje vert sett i gang er ikkje nedlagt men skal vurderast på nytt i sak om opplæringstilbudet for 2021/22.

Punkt 6:

Hovudutval for opplæring og kompetanse er uroa over konsekvensane ved å auka plasstalet i gruppene for elevar på yrkesfag i nordfylket, og ser at dette kan slå uheldig ut for enkelte skular. Vi ber om å få framlagt ei eiga sak om dette før utlysing av neste års opplæringstilbud. Saka må gjer greie for bygningsmessige og utstyrmessige konsekvensar ved auke i plasstal, og vise korleis ein gradvis kan innfase dette utan at det får store konsekvensar for tilbudet på enkeltskular og at ein sikrar rekrutteringsgrunnlaget for VG2-løpa i størst mogleg grad.

Punkt 7:

Det vert lagt opp til dialog og samarbeid med dei private skulane for å få til eit felles tidspunkt for inntak. Føremålet er at elevar som tek imot tilbod på dei private skulane seier frå seg plassane på dei offentlege skulane. Om ein ikkje får til dette vil Hovudutvalet ta opp om det bør utarbeidast sentrale retningslinjer om dette.

Punkt 8:

I tråd med ynskje frå yrkesopplæringsnemnda skal det utarbeidast fullstendige lister over tilgjengelege lære plassar i heile fylket. Det er behov for slike lister i alle saker som gjeld dimensjonering av tilbod.